

**Sterk innsats av Dønhaug-hest**

05.09.2009

**Den seks år gamle hoppa Alley Star, som Magne Huglen på Dønhaug eig, gjorde ein svært overraskande og sterk innsats i Bergen Travpark fredag. Ho vart nummer to sjølv om ho var rangert som siste val, fortel Huglen til uskedalen.no.**

Hoppa, som er fødd og oppvaksen på garden, har så langt køyrt inn vel 50.000 kroner og kusk var Øyvind Austevoll..

Ho fekk premie også under det siste løpet ho deltok i og har tidlegare også vunne løp. Under løpet fredag hadde ho ein imponerande innspurt mot mål og det var berre såvidt ho ikkje vann.

Medan Huglen er eine-eigar av Alley Star eig han tre åttendedelar av Maxwill CN, som har køyrt inn meir enn 200.000. Denne hesten var storfavoritt, men galopperte like etter start og kom inn som nummer sju.

Av Ola Matti Mathisen